



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

fagkoordinator Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

Vår dato

23.05.2014

Dykkar dato

Vår ref.

2014/3304/MAMO/

Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

## Innsending av kommunale rekneskap for 2013

Rekneskapa for 2013 er no under slutføring i mange kommunar. Somme kommunar har allereie handsama rekneskapen og sendt dei inn til oss.

Kommunane skal kvart år sende inn rekneskap og årsmelding til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf kommunelova § 48 nr 6, §§ 10 og 11 i forskrift om årsregnskap og årsberetning og Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet) sitt rundskriv H-08/01.

Etter § 11 i forskrift om årsregnskap og årsberetning, skal kommunestyret vedta årsrekneskapen innan 1. juli. Årsrekneskapen skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal seinast ein månad etter fastsetting av rekneskapet. Det vil seie at rekneskapa skal vere sendt seinast innan **1. august**.

Følgjande dokument skal sendast:

1. Årsrekneskapen med tilhørande oversikter og skjema over rekneskap med noter
2. Årsmelding
3. Revisjonsmelding
4. Kontrollutvalet sin uttale
5. Formannskapet si innstilling og kommunestyret sitt vedtak

Vi minner om at § 48 nr. 3 i kommunelova seier at kommunestyret ved handteringa av årsrekneskapen **skal** angi disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk eller inndeckning av rekneskapsmessig meirforbruk. Ved mindreforbruk må kommunen fatte vedtak om korleis ein ønskjer å disponere beløpet. Ved meirforbruk må kommunen fatte vedtak om korleis meirforbruket skal dekkast inn. Vedtaket som blir fatta her vert sett på som ”vedtatt plan for dekning av underskudd”, jf kl § 60 nr 1 bokstav d. Det er difor viktig at vedtaket er presist når det kjem til kva for sum som skal dekkast inn i kva for år. Inndeckning av underskot utover to år fører til at kommunen blir innmeldt i Robek, jf kl § 60 nr 2 bokstav c.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil kontrollere rekneskap i alle kommunane med omsyn til inn- og utmelding i register for vilkårbunden godkjening og kontroll (Robek), jf kommunelova § 60. Det er svært viktig at vi får inn alle dokumenta frå kommunane innafor fristen. Det er avgjerande for at vi skal klare å utføre vår jobb. Ikkje minst er det viktig med tanke på det ordinære skjönstilskotet som vi skal fordele før statsbudsjettet. Dersom ein

commune ikke sender inn alle dokumenta etter fleire purringar, kan konsekvensen bli at denne kommunen ikke blir prioritert ved framtidig tildeling av skjønsmidlar.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål med:

- Sissel Hol [Sissel.Hol@fylkesmannen.no](mailto:Sissel.Hol@fylkesmannen.no) 71 25 84 49
- Per Øvermo [Per.Overmo@fylkesmannen.no](mailto:Per.Overmo@fylkesmannen.no) 71 25 84 47
- Martin Gjendem Mortensen [Martin.Gjendem.Mortensen@fylkesmannen.no](mailto:Martin.Gjendem.Mortensen@fylkesmannen.no) 71 25 84 40

Med helsing

Martin Gjendem Mortensen (e.f.)

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi

Distriktsrevisjon Nordmøre	Kaibakken 1	6509	Kristiansund N
Kommunerevisjonsdistrikt nr 2 i Møre og Romsdal	Rådhuspl. 1	6413	Molde
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og Romsdal	Postboks 7734 Spjelkavik	6022	ÅLESUND
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	Postboks 143 Rådhuset	6067	Ulsteinvik